

Saksbehandlar: Jan Ivar Rise, Næringsavdelinga
Sak nr.: 10/5670-27

Statusrapport 2013 og Handlingsplan 2014 prosjekt kommunal næringsutvikling

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for plan og næring til å gje slik gjere slikt vedtak:

HPN tek statusrapport 2013 og handlingsplan 2014 til vitande

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

Vedlegg:

Statusrapport 2013 og Handlingsplan 2014

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen ved næringsavdelinga, Innovasjon Norge, Fylkesmannen si landbruksavdeling og kommunane har gått saman om ”prosjekt Kommunal næringsutvikling”. Prosjektet skal setje kommunane og førstelinetenesta betre i stand til å arbeide med næringsutvikling. Med førstelinetenesta vert meint dei som arbeider i det kommunale tiltaksapparatet eller det som kommunen har definert som sitt tiltaksapparat. I arbeidet skal og landbruk koplast betre på arbeidet med næringsutvikling.

2. Nærare om prosjekt kommunal næringsutvikling

Prosjektet inneheld ei rekkje delprosjekt og tiltak som saman skal støtte opp under dei måla vi har sett oss. Mange av tiltaka heng tett saman og det krevst god koordinering av dei ulike aktivitetane. Prosjektet skal evaluerast hausten 2014 for å sjå om ein har nådd dei måla vi har sett oss og skissere kva for aktivitetar som eventuelt skal halde fram.

Målsetting

Styrke førstelinetenesta sitt arbeid med næringsutvikling ved å motivere for auka kapasitet og kompetanseheving. Målet er å få fleire etablerarar og at lokalt næringsliv får vekst og utvikling.

Gjennomføring 2013

Det er gjennomført tiltak om lag som planlagt i handlingsplanen for 2013 sjølv om rekneskapen syner eit litt lågare kostnadsnivå enn budsjettert.

Hovudsatsingane i 2013 har mellom anna vore å stimulere til samarbeid på tvers av kommunegrensene for å få større fagmiljø innan feltet. Fleire kommunar har signalisert slikt samarbeid. Sogn og Fjordane fylkeskommune har vorte betre til å ta opp organisering av tiltaksapparatet i dialogen med kommunane. Det er også gjennomført etablerarkurs i alle fire regionane slik at vi har sikra kvalitet i gjennomføring, men også kontinuitet i tilbodet. Vidare har vi tilbydd næringsapparatet høgskulestudium i bedriftsutvikling og knoppskyting. Vi har gjennomført kurs i rettleiing avgründerar, prosjektleiing og sakshandsaming. Høgskulestudium i bedriftsutvikling og knoppskyting er ei bevisst satsing for å gjere tiltaksapparatet betre i stand til å arbeide aktivt inn mot småbedriftene i fylket.

Tiltaksforum er næringsapparatet sin årlege nettverksarena. Tema for Tiltaksforum var «frå liten til litt større». Fokus var på småbedriftene som utgjer 59 % av bedriftene med tilsette i fylket. Tilbakemeldingane syner at Tiltaksforum er ein viktig nettverksarena og skal vidareførast.

Økonomi

Rekneskap 2013

Lønnskostnader	742 279
Etablerarkurs	783 382
Kompetansehevande tiltak næringsapparatet	593 262
Diverse samlingar / kurs	26 291
Tiltaksforum	-----
Driftig.no	382 867
Reiseutgifter	30 377
EtablerarLink	21 070
SUM	2 579 528

Finansiering

Restmidlar 2012 overført til 2013	816 780
HPN sitt budsjett 2013	900 000
HPN sak 64/12	475 000
Innovasjon Norge	392 000
Fylkesmannens landbruksavdeling	250 000
Restmidlar 2013 overført til 2014	- 254 252
SUM	2 579 528

Handlingsplan 2014

Handlingsplanen syner ei vidare satsing på etablerarkurs i alle regionane. Førstelinetenesta er viktig i rekrutteringsarbeidet for å få opp antal etablerarar. Kompetanspåfyll for næringsapparatet er framleis ei viktig satsing .

Nytt i år er satsinga på utviklingsverktøyet «program for småbedrifter – mindre enn 10 tilsette». Førstelinetenesta får opplæring i utviklingsverktøyt for småbedriftene i sin kommune. Det er prekvalifisert eit rådgjevarkorps som skal gjennomføre utviklingsarbeidet i småbedriftene. Målet er å få næringsapparatet til å vere pådrivar for vidareutvikling av småbedriftene, og knoppskyting for å få vekst og utvikling. Føresetnaden er at kommunane nyttar kommunalt næringsfond med inntil 50 % delfinansiering overfor småbedriftene. Resultatmålet er 52 bedrifter per år som gjennomfører program for småbedrifter. Målet er at det skal føre til 150 nye arbeidsplassar innan 3 år.

Nytt i år er satsinga på marknadsføring av driftig.no på skjermar i ventehallen på alle flyplassane i fylket og på ekspressbåtane. Det vert også arbeidd med å få marknadsført driftig.no på skjermene ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Evaluering av prosjekt kommunal næringsutvikling vert viktig arbeid i andre halvdel av 2014, som etter planen er siste driftsår for prosjekt kommunal næringsutvikling.

Budsjett 2014

Lønskostnader	750 000
Etablererkurs	974 000
Kurs og Verktøyt	360 000
Tiltaksforum	40 000
Dialogmøte med kommunane	40 000
Driftig.no	450 000
Diverse samlingar / seminar	40 000
SUM	2 654 000

Finansiering

Restmidlar 2013 overført til 2014	254 000
HPN sitt budsjett 2014	900 000
HPN sak 18/13	750 000
Innovasjon Norge	500 000
Fylkesmannens landbruksavdeling	250 000
Fylkeskommunen – Løyving HPN	0
SUM Finansiert	2 654 000

Kommentar til handlingsplan

Statusrapport og handlingsplan vert lagt fram for styringsgruppa for «prosjekt kommunal næringsutvikling» den 18. februar. Denne saksutgreiinga vert lagt fram for HPN med atterhald om endringar som resultat av gjennomgangen i styringsgruppa for prosjekt kommunal næringsutvikling.

4. Konklusjon

Statusrapport 2013 og Handlingsplan 2014 gjev eit realistisk bilde av arbeidet i 2013 medan handlingsplan 2014 gjev klår retning for framtidig arbeid i prosjektet. Fylkesdirektøren rår HPN til å ta Statusrapport 2013 og Handlingsplan 2014 til vitande.

... [Sett inn saksutredningen over denne linja](#) ↑